

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

1. søndag i fastetida – 22. februar 2015

Preiketekst: Matt 16:21-23

Lesetekst I: 1 Mos 4:1-7

Lesetekst II: 1 Kor 10:10-13

Utenkjeleg at Messias skulle lida

Dagen

Denne søndagen er den fyrste i fastetida. Dei fire neste søndagane vil alle vera prega av at blikket vert retta framover mot påske og hendingane i påskeveka. Fastetida er ei førebuingstid før påske. Me kan fasta frå mange ting – mat, søtsaker, kjøt, internett og mykje anna. Det som er viktig, er at me ikkje berre kuttar ut noko, men at me og føyer til noko. Og det me skal føya til, er ekstra tid til å retta tankar og sinn mot påska.

Lesetekstane for dagen handlar om kamp mot freisting og det å retta sinnet mot Gud. Ingen vert freista over evne, seier apostelen i 1 Kor 10:13. Det er mogleg å ta opp kampen og stritta i mot, slik Gud også bed Kain om å gjera i 1 Mos 4:7.

Utenkjelege ord

Av alle ting Jesus skulle koma til å seia, må dette ha vore noko av det vanskelegaste å skjøna for læresveinane. Korleis kunne Messias lida og døy? I versa rett før har Peter kome med si store vedkjenning, den som ikkje er openberra ved kjøt og blod, men av Far i himmelen.

For ei tid tilbake arbeidde eg litt med targumen til Jesaja 53. På Jesu tid og framover var ikkje den hebraiske teksten alltid like enkel å forstå for jødar i Israel, som hovudsakeleg snakka arameisk. Difor vart teksten omsett. Targumane er slike omsetjingar. Ofte kan omsetjingane vera særstolkande.

Det interessante med å lesa targumen til Jesaja 53, er at han heilt klart tolkar teksten messiansk. Men på alle punktene kor Jesaja 53 snakkar om at tenaren lid, blir lidingane omtolka. Hovudgrunnen til dette er truleg at det var teologisk umogleg å tenkja tanken at Messias lid og døyr. Og akkurat dette poenget kjem også fram i teksten denne søndagen. Det er ikkje berre fordi han er ven med Jesus at Peter ikkje vil at han skal lida og døy. Det er også ei umogleg sak. Peter var overtydd om at Jesus var Messias. Og Messias sigrar jo!

Dette er kanskje også grunnen til at vers 21 bruker «Jesus Kristus», og ikkje berre Jesus, som i tekstane rundt. Det skal ropa ut frå sidene i Bibelen at det er Messias sjølv som seier desse orda om å lida og døy.

Det er naudsynt at...

I vers 21 bruker den greske grunnteksten eit lite uttrykk som ofte dukkar opp i samband med viktige vegkryss i historia om Jesus og kyrkja hans. Uttrykket (*dei* + eit verb i infinitiv) kan me gjerne omsetja med «det er naudsynt at». Uttrykket er avleidd av eit verb som tyder «å binda», og det er ganske talande for dette uttrykket. Allereie som tolvåring i templet sa Jesus at «det er naudsynt at eg er i huset til Far» (Luk 2:49).

I alle dei tre synoptiske evangelia vert dette uttrykket nytta i denne forteljinga. Det var naudsynt at Jesus skulle lida og døy. Det var fastsett av Gud på førehand.

Legg også merke til det som er viktigare, nemleg at han skulle reisast opp den tredje dagen. Også oppstoda var fastsett på førehand. Og det er interessant å merka seg kor viktig akkurat det poenget er i forkynninga til apostlane i Apostelgjerningane. Gong på gong siterer dei både den eine og den andre teksten frå Det gamle testamentet for å visa at oppstoda var fastsett på førehand.

Gud hjelpe deg, Herre

Peter tek Jesus til sides og talar han til rette. Han bruker eit sterkt uttrykk for å få fram kor forferdeleg og utenkjeleg det er for han at noko slik skulle henda med Jesus.

Me skal merka oss uttrykket «tala til rette». Dette vert vanlegvis brukt når Jesus har ordet. Han talar til rette vinden og bølgjene, dei vonde åndene osv. Berre to gonger vert det brukt om læresveinane – her om Peter og i Matt 19:13 når dei prøver å jaga dei små borna bort frå Jesus.

I Markus sin versjon av dagens tekst svarar Jesus med å tala Peter til rette.

Peter sine intensjonar er gode. Men han veit ganske enkelt ikkje kva han snakkar om. Me har alt fått vita at det er naudsynt at Jesus no dreg til Jerusalem. Så ved å ønskja alt godt for venen sin, set Peter seg opp imot Guds plan. Og difor blir svaret frå Jesus så skarpt.

Vik bak meg, Satan

Kor skarpt dette er, ser me tydeleg i vers 23. Jesus kallar jamvel Peter for Satan. Satan er Guds fiende og ved fleire høve finn me at han arbeider for å øydeleggja Guds frelseplan. Jesus måtte kjempa ein tøff kamp mot han i starten av tenesta si, og no møter han kampen på nytt.

I filmen «The Passion of the Christ» finn me ein sterk scene frå bønekampen i Getsemane. Der møter Satan opp og prøver å få Jesus til å gje opp og ikkje gå til krossen. Bønekampen i filmen endar med at Satan skapar seg om til ein slange, og deretter ser me ein sandalkledd fot som trør på hovudet til slangen og knuser det. Også i denne teksten møter me ein Frelsar som står imot alle forsøk på å halda han vekke frå krossen.

Knut Kåre Kirkholm

Teolog, Høgskolelektor ved Fjellhaug internasjonale høgskole (NLM), og redaktør i magasinet Fast Grunn.

kkirkholm@fjellhaug.no